



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Skikrinsstyret@

Sakshand.: KD/FÅ

Dato: 03.09.2021

Arkivk.: styret/møter/innkalling/21-23

PROTOKOLL MØTE NR. 02 I SKIKRINSSTYRET, 2021-2023

Stad: Intersporthytta i Hodlekve

Tidspunkt: Frammøte, fredag 03. september 2021 ca. kl 17.45.
Avslutning, laurdag 04. september ca. kl 13.00.

RAMMEPROGRAM, FREDAG 03. SEPTEMBER 2021

Program	Tidspunkt	Saker
Frammøte	Kl. 17.45	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.00-20.30	Sak 02-10
Middag	Kl. 21.00	

RAMMEPROGRAM, LAURDAG 04. SEPTEMBER 2021

Program	Tidspunkt	Saker
Frukost	Kl. 08.00	
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-10.00	Sak 11-14
Info Hodlekve skisenter	Kl. 10.00-11.00	Info ved Rolf Navarsete
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 11.00-13.00	Sak 15-18
Lunsj	Kl. 13.00	
Heimreise	Kl. 13.30	

Sakliste; sjå neste side.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

REFERATSAKER

SAK 02 21-23	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 03 21-23	SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2021
SAK 04 21-23	SFSK AK protokoll nr. 02 21-23
SAK 05 21-23	SFSK HKK protokoll nr. 02 21-23

RAPPORTERING

SAK 06 21-23	Rekneskapsrapport pr. 26.08.2021
---------------------	---

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 07 21-23	Konstituering av skikrinsstyret 2021-2023
SAK 08 21-23	SFSK Handlingsplan 2021-2023
SAK 09 21-23	Rekrutteringsarbeid i skikrinsen
SAK 10 21-23	SFSK Haustmøtet 2021
SAK 11 21-23	Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 12 21-23	Arbeidsfordeling adm. sjef og tillitsvalde
SAK 13 21-23	Utedagen 2022
SAK 14. 21-23	Heidersteikn
SAK 15 21-23	Møteplan Skikrinsstyret

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 21-23	Beredskapsgruppa 2021
SAK 17 21-23	Status skiklubbutviklarar
SAK 18 21-23	NSF Haustmøtet 2021

EVENTUELT

TIL STADES:	Finn Årdal, Tonje N. Tangerud, Anne Marie Svarstad, Anders Engeland, Tor Arne Hov, Jon Ove Lomheim, Kennet Dvergedal (adm.)
FORFALL:	Roger Ellingsund, Jan Inge Årdal
MERKNADER:	Melanie Hetkamp til stades frå alpikomiteen laurdag.
REFERENT:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 02 21-23

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 03 21-23

SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2021 Bakgrunn

Protokoll frå Skikrinstinget 2021 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå Skikrinsstyret 2021.

SAK 04 21-23

SFSK AK protokoll nr. 02 21-23 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 2 21-23 i alpinksjetteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 05 21-23

SFSK HKK protokoll nr. 02 21-23 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 2 21-23 i hopp- og kombinert sjetteen ligg vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 06 21-23

Rekneskapsrapport pr. 26.08.2021 Bakgrunn

Rekneskap pr. 26.08.2021 er vedlagt.

Adm. legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 26.08.2021:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 1 662 892,-	Kr 686 741,-	Kr 976 151,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 240 632,-	Kr 94 785,-	Kr 145 847,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 25 520,-	Kr 4817,-	Kr 20 703,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 638 337,-	Kr 262 975,-	Kr 375 362,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 07 21-23

Konstituering av skikrinsstyret 2021-2023

Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val av anleggskontakt.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om:

Anleggskontakt:	Anders Engeland
Rekrutteringsansvarleg:	Anne Marie Svarstad
Marknadsansvarleg:	Tonje N. Tangerud

SAK 08 21-23

Rekrutteringsarbeid i skikrinsen

Bakgrunn

Saka blir presentert av styreleiar og adm.

Skitinget til NSF har vedteke at rekrutteringsarbeid skal prioriterast høgt i alle organisasjonsledd. Vi bør følgje opp dette og diskutere moglege tiltak.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å følgje opp NSF vedtak angående skiklubbutviklarar, og diskuterte vidare prosjekt med snøproduksjon i skileikanlegg. Komiteane prioriterar rekrutteringsarbeid og arbeid for å redusere fråfall i krinsen.

SAK 09 21-23

SFSK Handlingsplan 2021-2023

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for perioden 2021-2023 er vedlagt.

I samband med møtet skal styret handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, og avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret drøftar handlingsplanen, og gjer vedtak om å følgje opp førebels arbeidsfordeling og fristar.

SAK 10 21-23

SFSK Haustmøtet 2021

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2021 skal avviklast 30. oktober i Sogndal på Idrettens Møteplass.

Rammeprogram:

Kl. 10.00: Felles foredrag

Kl. 12.00: Lunsj

Kl. 13.00-16.00: Haustmøte for Sogn og Fjordane skikrins

Parallelt med Idrettens Møteplass blir det arrangert ei treningssamling for utøvarar i aldersgruppa 12-19 år med basisøker på tvers av idrettane.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Hopp- og kombinertkomiteen har gjort vedtak om å avhalde Haustmøte HKK 2021, torsdag 21. oktober 18.00-21.00 på Skei Hotell.

SAK 11 21-23

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verkesemd	Grein	Går ut	Status
AVIS Bilutleige	AU	2021	Avtale går tom. 30.06.2021, adm./ Finn følgjer opp
Sparebanken Sogn og Fjordane	Langrenn	2023	Avtale går t.o.m. 2023
Intersport Førde/ Erdal Sport AS	Langrenn	2024	Ny avtale er reforhandla t.o.m. 31.05.2024
SFE	Hopp/ langrenn	2022	Avtale får til 30.04.2022 adm./ Jan Inge følgjer opp
Coop Nordvest SA	Alpint	2021	Avtale går t.o.m. 2021 adm./ Finn følgjer opp
Fjord1	Alpint	2024	Ny avtale er forhandla t.o.m. 2024
Sparebanken Vest	Alpint	2021	Avtale går t.o.m. 2021. Reforhandlingane skal setjast i gong. Alpinkomiteen/adm. følgjer opp
Bilhuset Førde	Alpint	2021	Avtale går til 31.08.2021. Ingen ny avtale.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Ny avtale reforhandla t.o.m 31.05.2024.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek marknadsavtalene til orientering og gjer vidare vedtak om å følgje opp dei som trengs.

SAK 12 21-23

Arbeidsfordeling adm. sjef og tillitsvalde

Bakgrunn

Saka blir presentert av styreleiar og adm.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at adm. og sentrale tillitsvalde har
kontinuerleg dialog angående arbeidsfordeling.

SAK 13 21-23

Utedagen 2022

Bakgrunn

Skikrinsen sitt prosjekt Utedagen vart gjennomført vinteren 2021.

Rapport for Utedagen 2021 er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å vidareføre
prosjektet vinteren 2022.

SAK 14 21-23

Heidersteikn

Bakgrunn

Skikrinsstyret gjorde vedtak om kven som skulle få heidersteikn utdelt på
haustmøtet på styremøte i mai. Vi bør diskutere om nokon av dei som gjekk
ut som tillitsvalgte bør få dette i tillegg.

VEDTAK

SAK 15 21-23

Møteplan Skikrinsstyret

Bakgrunn

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å ha budsjettmøte måndag 6. desember, elles
blir teamsmøte gjennomført ved behov.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 21-23

Beredskapsgruppa 2021

Bakgrunn

Beredskapsrapport for SFSK for perioden 2021-2023 ligg vedlagt.

VEDTAK

Styreleiar, Nestleiar og Adm.sjef fungerer som beredskapsgruppe.

SAK 17 21-23

Status skiklubbutviklarar

Bakgrunn

Leiar og Adm. informerar i møtet om status og finansiering av kretsane sin
andel.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 18 21-23

NSF Haustmøtet 2021

Bakgrunn

Norges Skiforbund sitt Haustmøte 2021 blir halde 22-24 oktober på Quality
Hotel Hasle Linie i Oslo.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS
.....

VEDTAK

Komiteleiarane og styreleiar deltek på høstmøte. Anleggskontakt deltek på arrangør- og anleggsseminar same datoar.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef